Persontransport på Hardangerfjorden med eigne og innleigde fartøy. I tilknyting til denne aktiviteten skal ein driva guiding på fjorden, og i turterreng med fjorden som utgangspunkt. Selskapet kan opprette og driva nærliggende aktiviteter som booking mm.
**Aktivitet/bransje:**
Shipping og sjøtransport, transport, passasjertransport.
**Næringskode(r):**
52.229 Tjenester tilknyttet sjøtransport ellers
**Sektorkode:**
2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret

Registrert i NAV Aa-registeret
Sist innsendte årsregnskap 2020
**Styre:**
**Styrets leder:**
Asbjørn Tolo
**Styremedlem:**
Jarle Hjartåker
Tina Våtvik Olsen
Arnstein Birkeland
Solveig Karin Botnen

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet.
I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Hardangerfjord Adventure AS søkjer om kr. 185 000.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 300 000.-
Målet med prosjektet er å setja saman pakkar med opplevingar frå ulike tilbydarar og kunna selja desse med ein billett. Prosjektet krev difor godt samarbeid mellom ulike bedrifter og kan gjera det enklare for turisten å orientera seg i tilboda.

Rådmannen meiner eit slikt samarbeidsprosjekt vil vera til nytte for mange aktørar i Kvam. Det vert difor innstillt på eit tilskot på kr. 100 000.- til prosjektet.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 046/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 135 |

**Kraftfondet - Holmatun AS - søknad om støtte til etablering av pub/diskotek**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver eit etablerartilskot på kr. 50 000.- til Holmatun AS.
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Holmatun AS søkjer om eit tilskot på kr. 321 218.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 642 436.-.
Holmatun AS har etablert utestaden Tyst pub og disco i kjellaren på Holmatun. For å etablera tilbodet var det trong for ein del ombygging og utbetring av lokala.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52339 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52340 | Soknad-2022-0038 |
| 52341 | Søknadutrekning |
| 52342 | Detaljar_utrekning |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:
**Kort beskrivelse**
Holmatun AS har etablert utestaden Tyst pub & disko i kjellaren på Holmatun.

**Prosjektbeskrivelse**
Tyst pub & disko er eit tilbod til innbyggarane i Kvam som det har vore eit stort behov for lenge. Det er få utestader i kommunen og per 31.12.2021 var det ingen stader som tilbaud dansing. Spesielt for dei yngre er dette nye tilbodet no kjærkome, men Tyst rettar seg også mot "eldre ungdom" og har etter oppstarten hatt besøkande i alle aldersgrupper.

Tyst har faste opningstider kvar laurdag der det er 18 år aldersgrense. 1-2 fredagar kvar månad er det ope med 21 år aldersgrense.

For å etablere dette tilbodet måtte det ein del ombygging til. Det er bygd eit sitteområde i tilknytning til diskotekdelen, ein stor bar er bygd i midten av lokalet og i "loungedelen" av lokalet er det bygd garderobe og eit lager til ting som ikkje kan stå ute når det er ope på Tyst. I tillegg er toaletta bygd om for å betre takla store folkemengder. Det er også investert i andre tiltak som har med tryggleik og brann å gjera.

Arbeid som er lov å gjera sjølv, som t.d. snekkerarbeid, er utført på dugnad av eigarane av Homatun AS. Anna arbeid som t.d. elektro- og røyrleggjararbeid er innleigd.

Grunna søknadsfristane til kraftfondet vart det ikkje tid å søka støtte før prosjektstart. Me tok opp lån i Sparebanken Vest for å ha likviditet til å starta prosjektet så snart som mogleg etter overtaking av Holmatun AS (1.12.21)

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigeninnsats - 500 timar á 300 kr** | **150 000** | | | | | **150 000** |
| **Investeringar** | **492 436** | | | | | **492 436** |
| **Sum kostnad** | **642 436** | | | | | **642 436** |

Investeringssummen er eks mva

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigne midlar/lån i bank** | **107 072** | **107 073** | **107 073** | | | **321 218** |
| **Kvam kommune** | **321 218** | | | | | **321 218** |
| **Sum finansiering** | **428 290** | **107 073** | **107 073** | | | **642 436** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret

Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
917 923 841
**Navn/foretaksnavn:**
HOLMATUN AS
**Organisasjonsform:**
Aksjeselskap
**Forretningsadresse:**
Holmane 20
5610 ØYSTESE
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
Hardangerfjordvegen 456
5610 ØYSTESE
**Internettadresse:**
www.holmatun.no
**Registrert i Enhetsregisteret:**
24.10.2016
**Stiftelsesdato:**
28.09.2016
**Daglig leder/ adm.direktør:**
Roger Vassnes
**Vedtektfestet formål:**
Selskapets formål er kjøp og drift av eiendom, samt det som naturlig står i forbindelse med dette.
**Aktivitet/bransje:**
Selskapets formål er kjøp og drift av eiendom, samt det som naturlig står i forbindelse med dette.
**Næringskode(r):**
68.209 Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers
**Sektorkode:**
2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Frivillig registrering i Merverdiavgiftsregisteret:
- Utleier av bygg eller anlegg
Registrert i NAV Aa-registeret
Sist innsendte årsregnskap 2021
**Styre:**
**Styrets leder:**
Eirik Skaar Kvarv
**Styremedlem:**
Morten Garen
Roger Vassnes

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet.
I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Holmatun AS søkjer om eit tilskot på kr. 321 218.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 642 436.-.
Holmatun AS har etablert utestaden Tyst pub og disco i kjellaren på Holmatun. For å etablera tilbodet var det trong for ein del ombygging og utbetring av lokala.

Det har ikkje vore eit slikt tilbod til ungdomen på ei stund og dette er ei positiv satsing som gjer at ungdomen har ein stad og samlast i helgane.

Rådmannen innstiller på at det vert gjeve eit etablerartilskot på kr. 50 000.-

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 047/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 129 |

**Kraftfondet - Katrine Meisfjord - søknad om støtte til Prosjekt Base Camp**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Katrine Meisfjord fordi det er utanfor føremålet til kraftfondet.

**Samandrag:**
Katrine Meisfjord søkjer om kr. 700 000.- i støtte til prosjektet Base Camp som har eit totalbudsjett på kr. 2 410 000.-
Prosjektet går ut på å lære ungdom i Kvam kreative og kunstneriske metodar for sosialt samspel. Det skal byggjast permanente konstruksjonar som gjer området rundt Ungdomshallen til eit populært «hengested» for ungdom. Det er og budsjettert midlar frå andre kommunale einingar.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52313 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52314 | Soknad-2022-0039 |
| 52315 | Bildevedlegg 2022 |
| 52316 | CVMeisfjord2022 |
| 52317 | CV_CristianStefanescu_2021_ShortForm |

| **Dok.id** | **Tittel** |
| --- | --- |
| 52318 | CV, Cristof Meyer, Raumlabor |
| 52319 | CV Marie Skeie, Motaz al Habbash |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:
**Kort beskrivelse**
Norsk kultur har vært i stor endring i etterkrigstiden; demografiske endringer, velferdsøkning og teknologiske nyvinninger. Kunstneren undersøker hvordan folk i Hardanger stiller seg i møtet med det nye, og derigjennom hvordan sosiale spilleregler endres over tid. Sammen med ungdom og ungdomsarbeidere i Kvam herad utvikler kunstneren en ny arena for sosialt samspill i bygda, basert på kunstnerisk metodikk. Prosjektet er tilknyttet Kunsthuset Kabuso, og startet i 2018.

**Prosjektbeskrivelse**
Utekontakten i Kvam hørte om Meisfjord sitt prosjekt, og tok kontakt fordi både ungdom og ungdomsarbeidere mente det var på høy tid at aktiviteter og tomten ved bygdas ungdomsklubb måtte oppdateres. Ungdomsklubben heter "Basen" og ligger i kjelleretasjen i et gammelt ungdomshus ved Movatnet. Lokalene er sparsomt pusset opp, uteområdet er neglisjert og man kan si at ungdomsklubben har relativt lav status. Ungdomsarbeiderne mente det var viktig at ungdom selv skulle medvirke til hvordan de ville ha området og hvilke nye aktiviteter som skulle utvikles. De inviterte kunstner Meisfjord til å utvikle og lede prosjektet for dem.

Prosjektets idé har vært at ungdom i Kvam skal lære seg kreative og kunstneriske metoder for å bidra til å utvikle gode ideer til en ny arena for sosialt samspill i og ved UngdomsBasen. Kunstneriske metoder og ungdommenes bidrag skal utvide våre ideer om hva et møtested i uterom kan være, samt å styrke ungdoms tro på egne evner. I 2019 lærte ungdom kreativ metode, i 2020 uttrykte de ideene sine i modeller som ble vist på Kabuso, og i 2021 arbeidet ungdommene, arkitekter, håndverkere og kunstnere sammen på tomten for å teste ut ideene i temporære strukturer i 1:1. I 2022 -2023 skal ideene realiseres i permanente strukturer. Ideer som ikke faller inn under reguleringsplanen er luket vekk. Nye ungdomsaktiviteter skal etableres. Deretter skal metode og resultater presenteres i flere kommuner i Hardanger og i en tekst.

Vi søker nå lokale midler til å få bygge permanente konstruksjoner som skal gjøre stedet til en relevant og populær “hengested” for ungdom.

KUNSTNERISK METODE

Prosjektet insisterer på kunstens metoder som viktige i utvikling av et samfunn med kritisk tenkende innbyggere. Kunstnerisk metodikk bidrar til å sprenge grensene for det vi vet, og å få fram deltagernes initiativ, fantasi, idéer, lyst og behov. Ungdommene oppfordres til å dele tanker og ideer i kreative verksteder, noe som gjør dette til handlinger i å tenke, formulere og uttrykke seg, både fysisk i et materiale og verbalt. Vi bruker mange år på prosjektet, fordi forankring, medbestemmelse og engasjement tar tid.

SAMARBEID PÅ TVERS AV PROFESJONSGRENSER, OG LOKALT - INTERNASJONALT.

Samarbeid mellom kunstnere, ungdom, ungdomsarbeidere, håndverkere, arkitekter, kunst – og håndverkslærere, musikere og praktikere i sosiale prosesser, har gjort at mangfoldet av ungdoms interesser og kunnskap kunne spilles på, og at det oppsto interessante synenergier og resultater.

PLAN FOR FORMIDLING OG DOKUMENTASJON

- I 2023 skal prosjektet presentere i sin helhet for alle kommunene i Hardanger, evt. på Kunsthuset Kabuso. Ungdom utfører dette sammen med kunstner.

- Hardanger folkeblad har skrevet mange artikler om prosjektet, og fortsetter å følge oss.

- Prosjektet dokumenteres av profesjonelle fotografer.

- Prosjektet har egen nettside; https://www.hvordanvilvilevesammen.com/.

- Sammen med teoretiker skal det skrives en metodetekst om hele prosjektet, som skal publiseres i 2023.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Diett, reise for arkitekt og prosjektleder** | **9 600** | **10 000** | | | | **19 600** |
| **Dokumentasjon- og kontorutgifter** | **30 000** | **59 000** | | | | **89 000** |
| **Honorar prosjektleder, arkitekt, kunstnere** | **250 000** | **400 000** | | | | **650 000** |
| **Nye elementer og konstruksjoner; bygging og materi** | **651 400** | **1 000 000** | | | | **1 651 400** |
| **Sum kostnad** | **941 000** | **1 469 000** | | | | **2 410 000** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bergen kommune, teori** | **50 000** | | | | | **50 000** |
| **Kvam herad, Familiesenteret** | **40 000** | | | | | **40 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvam herad, Kulturmidler** | **20 000** | | | | | **20 000** |
| **Kvam herad, spillmidler, nærmiljøanlegg** | **150 000** | **150 000** | | | | **300 000** |
| **Kvam herad, teknisk avdeling** | **150 000** | **150 000** | | | | **300 000** |
| **Kvam kommune** | **700 000** | | | | | **700 000** |
| **Sparebanken Vest** | **150 000** | **150 000** | | | | **300 000** |
| **Sparebankstiftinga Hardanger, gavefond** | **300 000** | | | | | **300 000** |
| **Stipend Meisfjord Vederlagsfondet** | **50 000** | **50 000** | | | | **100 000** |
| **Vestland fylke, KUP midler** | **300 000** | | | | | **300 000** |
| **Sum finansiering** | **1 910 000** | **500 000** | | | | **2 410 000** |

Kroner 460000,- er tildelt, resten er det søkt om, eller skal søkes om.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
994 461 796
**Navn/foretaksnavn:**
KATRINE MEISFJORD
**Organisasjonsform:**
Enkeltpersonforetak
**Forretningsadresse:**
Øvre Sandviksveien 14
5034 BERGEN
**Kommune:**
BERGEN
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
27.08.2009
**Innehaver:**
Katrine Meisfjord
**Aktivitet/bransje:**
Billedkunst.
**Næringskode(r):**
90.031 Selvstendig kunstnerisk virksomhet innen visuell kunst
**Sektorkode:**
8200 Personlig næringsdrivende

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden fell utanfor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | X |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Katrine Meisfjord søkjer om kr. 700 000.- i støtte til prosjektet Base Camp som har eit totalbudsjett på kr. 2 410 000.-
Prosjektet går ut på å lære ungdom i Kvam kreative og kunstneriske metodar for sosialt samspel. Det skal byggjast permanente konstruksjonar som gjer området rundt Ungdomshallen til eit populært «hengested» for ungdom. Det er og budsjettert midlar frå andre kommunale einingar.

Rådmannen meinar at søknaden fell utanfor formålet til kraftfondet som skal nyttast til næringsføremål. Det er difor innstillt på avslag på søknaden.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 048/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 133 |

**Kraftfondet - Kollen Eiendom AS -søknad om støtte til godkjenning av tankanlegg**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Kollen Eigedom AS om tilskot til godkjenning av tankanlegg. Tiltaket vert sett på som ordinær drift og er ikkje i tråd med vedtektene for kraftfondet.

**Samandrag:**
Kollen Eiendom AS søkjer om kr. 300 000.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 494 530.-
Tankanlegget i Strandebarm vart etablert i 1992 og må reklassast med jamne mellomrom. Det er og kome nye krav sidan etableringa, det må difor gjennomførast ei større oppgradering for at anlegget vert godkjent for ein ny periode. Ei slik reklassifisering må reknast som ordinær drift, og fell utanfor rammene for kraftfondet. Rådmannen tilrår difor å avslå søknaden.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52331 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52332 | Soknad-2022-0049 |
| 52333 | BUDSJETT TANKKONTROLL STRANDEBARM |

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52334 | Pris Fjernpeiling Wennstrøm |
| 52335 | Pris Oljeservice TANKKONTROLL |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Reklassing og godkjenning av drovstofftanker, oppgradering til å stette nye miljø og leverandørkrav.

**Prosjektbeskrivelse**
Nedgravde drivstofftanker skal kontrolleres og reklasses etter jamne intervaller. Tankene i Strandebarm skal kontrolleres og reklasses etter 30 år, for nye 10 år. Tankene er fra 1992 og skal dermed kontrolleres og reklasses i 2022.

Da tankene ble etablert i 1992 ble det ikke etablert mannhull over tankene. Dette betyr at plassen må graves opp, slik at man fysisk kommer ned i tankene for å gjennomføre nødvendig kontroll.

I tillegg er det siden anlegget ble etablert i 1992 kommet nye miljøkrav hvor det kreves overfyllingsvern på tankene. Dette må etableres. Forøvrig vil en overfylling av tanker i Strandebarm kunne medføre sterk forurensing av lokalmiljø, heruver den fredede Strandebarmselven.

Det er i tillegg kommet kommet leverandørkrav om fjernpeilingssystem av tanker for også å unngå feilleveringer/fullfyllinger med påfølgende søl/forurensing.

Anlegget i Strandebarm har et relativt lite årlig volum sammenlignet med andre stasjoner i mer sentrale strøk. Anleggets økonomi er derfor begrenset. Det er allikevel av stor betydning for lokalmiljøet, og bosetning i ytre del av Kvam at anlegget opprettholdes.

En stor del av anleggets brukere er lokale bønder, entreprenører, kommunale tjenester, samt utrykningskjøretøyer fra Brann, politi og helsevesen.

I tillegg er anlegget også av stor betydning for både øvrige fastboende samt feriefolk.

Det er mer enn 25 km til alternativt anlegg for fylling av drivstoff.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Entreprenørkostnad Nes Maskin** | **200 000** | | | | | **200 000** |
| **Fjernpeiling Wennstrøm AS** | **150 000** | | | | | **150 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tankkontroll Oljeservive AS** | **144 530** | | | | | **144 530** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum kostnad** | **494 530** | | | | | **494 530** |

Kostnadene er foreløpige anbud, som kan bli påvirket av uforutsette ting.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Egenkapital** | **194 530** | | | | | **194 530** |
| **Kvam kommune** | **300 000** | | | | | **300 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **494 530** | | | | | **494 530** |

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 049/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 143 |

**Kraftfondet - Kvamskogen Næringslag - søknad om støtte til kjøp av bru**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam herad avslår søknaden frå Kvamskogen Næringslag.

**Samandrag:**
Kvamskogen Næringslag har kjøpt brua som går over Kvennelva. Prisen som næringslaget har betalt for brua er kr. 312 500.- Dei søkjer om halve beløpet frå Kraftfondet. Dei har og søkt kulturkontoret og har der fått støtte på kr. 50 000.- til tiltaket.

I tillegg til støtta frå kulturkontoret, har Kvam herad støtta Kvamskogen Vel med kr 600.000 tidlegare til løypetrasèn der brua inngår, i eit totalbudsjett på 2,4 mill.kr. I denne omgang tilrår rådmannen 0,4 mill.kr. til prosjektet, totalt 1 mill.kr. Ut frå avgrensa midlar til fordeling, frårår difor rådmannen ei ytterlegare, eiga støtte til kjøp av brua til Kvamskogen Næringslag.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52268 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52269 | RF13 |
| 52270 | Skann_20220419 (2) |
| 52271 | Bru - Kvennelvi |

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52272 | Innbetalingar |

**Saksopplysningar:**
Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Kvamskogen Næringslag kjøp av 1/2 av bru over Kvennelva for kr. 312.500,-. Bruk av eigne midlar kr. 162.500,-, søkjer om delfinansiering frå Kraftfondet med kr. 150.000,-.

**Prosjektbeskrivelse**
Finansiering kjøp av bru over Kvennelva.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kostnad kjøp bru** | **312 500** | | | | | **312 500** |
| **Sum kostnad** | **312 500** | | | | | **312 500** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenandel** | **162 500** | | | | | **162 500** |
| **Kvam kommune** | **150 000** | | | | | **150 000** |
| **Sum finansiering** | **312 500** | | | | | **312 500** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
996 998 282
**Navn/foretaksnavn:**
KVAMSKOGEN NÆRINGSLAG
**Organisasjonsform:**
Forening/lag/innretning
**Forretningsadresse:**
**Kommune:**
**Postadresse:**
c/o Henrik Steine
Steine 46
5600 NORHEIMSUND
**Registrert i Enhetsregisteret:**
14.07.2011

**Stiftelsesdato:**
10.04.2003
**Kontaktperson:**
Henrik Steine
**Aktivitet/bransje:**
Arbeida for å betra infrastrukturen i området og fremja felles interesser.
**Næringskode(r):**
94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
**Sektorkode:**
7000 Ideelle organisasjoner
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Frivillighetsregisteret
**Styre:**
**Styrets leder:**
Henrik Steine
**Nestleder:**
Bertil Ove Skeie
**Styremedlem:**
Alf Bjarne Høgenæs Steine
Jo Steine
Nils Åge Skeie

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Brua over Kvennelva har vore eigd av Aktiven AS. No er den kjøpt av Kvamskogen Næringslag og dei søkjer om halve summen i støtte frå Kraftfondet, den andre halvparten har næringslaget betalt sjølve.
Det vart og søkt om støtte frå kulturkontoret og det er innvilga kr. 50 000.-
Brua er eit viktig infrastrukturtiltak på Kvamskogen og knyter saman løypenettet.
I tillegg til støtta frå kulturkontoret, har Kvam herad støtta Kvamskogen Vel med kr

600.000 tidlegare til løypetrasèn der brua inngår, i eit totalbudsjett på 2,4 mill.kr. I denne omgang tilrår rådmannen 0,4 mill.kr. til prosjektet, totalt 1 mill.kr. Ut frå avgrensa midlar til fordeling, frårår difor rådmannen ei ytterlegare, eiga støtte til kjøp av brua til Kvamskogen Næringslag.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 050/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 144 |

**Kraftfondet - Kvamskogen Vel - søknad om støtte til vidareføring av lavlandsløype**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kvam heradsstyre løyver kr. 400 000.- til arbeidet med vidareføring av ei låglandsløype på Kvamskogen.
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Kvamskogen vel søkjer om kr. 500 000.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på om lag kr. 2 400 000.- for etablering av eit løypenett/sti på Kvamskogen.
Kvamskogen Vel har tidlegare fått kr. 450 000.- i sak 081/20 og kr. 150 000.- i sak 055/21 i tilskot til arbeidet og dei er godt i gang med etableringa av stien. Det er såleis gjeve tilsagn om kr. 600 000.- tidlegare.

Innbaka i søknaden, er støtte til kjøp av brua som Kvamskogen Næringslag søkjer om støtte til i eiga sak.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52263 | Søknad frå Kraftfondet Næringsfondet |

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52264 | Soknad-2022-0027 |
| 52265 | søknad Kvam kraftfond 2022 |
| 52266 | KvamskogenVel_a°rsberetning2021, ferdig PDF |
| 52267 | Hoering fra Kvamskogen Vel om revisjon kommunedelplan, rev 18.2.22 |

**Saksopplysningar:**
Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Lavlandsløype-sti fra Tokagjel til Teigaberg.

**Prosjektbeskrivelse**
Det tilrettelegges/bygges skiløyper for alle formål, for familier, eldre og eliteløpere.

Det bygges samtidig 1,5 m gruset sti i samme trasé.

Dette skjer i samarbeid med Kvam herad, som har prosjektet i sin kommunedelplan for Kvamskogen, og Kvamskogen Næringslag.

Det er disse tre samarbeidspartene som også finansierer prosjektet i tillegg til hytteeiere/grunneiere på Kvamskogen og Kvamskogen Vel. Det er også etablert Spleis for prosjektet i 2021 og 2022. Kvamskogen Næringslag har investert kr. 325.000.- i 2022 ved kjøp av broen over Kvennelvi. Kvamskogen Vel bidrar totalt med ca. kr. 400.000,- samlet for 2020,21,22. Vi regner med å bevilge tilsvarende i 2023 som er siste år for 1. byggetrinn.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvam kraftfond** | **500 000** | **150 000** | | | | **650 000** |
| **Kvamskogen Næringslag** | **350 000** | **50 000** | | | | **400 000** |
| **Kvamskogen Vel** | **150 000** | **50 000** | | | | **200 000** |
| **Spleis hytteeiere** | **100 000** | **37 000** | | | | **137 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum kostnad** | **1 100 000** | **287 000** | | | | **1 387 000** |

Totale kostnader for prosjektet er kalkulert til kr 2,4 mill. kr. En økning fra tidligere overslag fordi Kvamskogen Næringslag har kjøpt broen over Kvennelvi av Aktiven AS slik at løypemaskinen kan benytte denne. (kr. 350.000,-)

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvam kommune** | **500 000** | **150 000** | | | | **650 000** |
| **Kvamskogen Næringslag** | **350 000** | **50 000** | | | | **400 000** |
| **Kvamskogen Vel** | **150 000** | **50 000** | | | | **200 000** |
| **Spleis - hytteeiere** | **100 000** | **37 000** | | | | **137 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **1 100 000** | **287 000** | | | | **1 387 000** |

Finansieringen av hele prosjektet er vedlagt. Fra Kvam kraftfond er til sammen søkt og innvilget kr. 1.1 mill. Resterende beløp, kr. 1,3 mill. er bevilget fra Kvamskogen Vel, Kvamskogen Næringslag, hyttefolk på Kvamskogen og Sparebankstiftinga i Kvam.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
975 794 482
**Navn/foretaksnavn:**
KVAMSKOGEN VEL
**Organisasjonsform:**
Forening/lag/innretning
**Forretningsadresse:**
c/o Øyvind Valland
Nedre Norheim 27
5600 NORHEIMSUND
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Internettadresse:**
www.kvamskogen-vel.no
**Registrert i Enhetsregisteret:**
09.10.1995
**Stiftelsesdato:**
29.04.1971
**Kontaktperson:**
Øyvind Valland
**Aktivitet/bransje:**
Ivareta de interesser som knytter seg til Kvamskogen som friluftsområde og vintersportsenter.
**Næringskode(r):**
94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
**Sektorkode:**
7000 Ideelle organisasjoner
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Frivillighetsregisteret
**Styre:**
**Styrets leder:**

Eva Elisabeth Grimstad
**Nestleder:**
Rune Hansen
**Styremedlem:**
Øyvind Valland
Knut Iversen
Britt Gaassand Jacobsen
Siri Margrethe Andersen
Ulf Rasmussen

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

I kommunedelplan for næring og kompetanse er mål om å skapa: «å skapa heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjor, fjell og vatn». Kvamskogen er ein del av denne satsinga i Kvam herad. Løypene på Kvamskogen er ein viktig infrastruktur for opplevingar og aktiv fritid. Dette tilbodet ynskjer Kvamskogen vel å vidareutvikla. Ein god løypestruktur med eit varierande løypetilbod er viktig både for ei innhaldsrik fritid og kan også vera eit godt grunnlag for kreative og framtidsretta næringar på Kvamskogen.

I finansieringa i søknaden bidreg og hytteeigarane med ein Spleis, Kvamskogen Vel og Kvamskogen Næringslag.

Rådmannen foreslår å gje eit tilskot på kr. 400 000.- i denne omgangen. Innbaka i søknaden, er støtte til kjøp av brua som Kvamskogen Næringslag søkjer om støtte til i eiga sak.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 051/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 131 |

**Kraftfondet - Lokal Bokashi AS - søknad om støtte til fornying av nettbutikk og marknadsføring**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Lokal Bokashi AS då dei har fått støtte før og det er avgrensa midlar til fordeling.

**Samandrag:**
Lokal Bokashi AS søkjer om kr 84 900.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 138 012.-.
Prosjektet går ut på å fornye nettbutikken og marknadsføre denne.
Lokal Bokashi AS har tidlegare fått kr. 20 000.- frå kraftfondet og kr. 50 000.- frå Hardangerrådet sitt etablerarstipend.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52326 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52327 | Soknad-2022-0048 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**

Lokal bokashi er en bedrift som holder til på Omastrand. Vi driver en nettbutikk som fokuserer på hagerelaterte produkter, med hovedtyngden på en komposteringsløsning. Vi selger våres produkter til folk over hele landet og for kunne vokse oss større er det viktig med en god nettbutikk, markedsføring og tilby nye produkter regelmessig.

**Prosjektbeskrivelse**

Vi har drevet nettbutikken siden 2017 og gjort alt arbeidet selv. Det har gitt oss mye erfaring og kunnskap om hvordan vi skal komme ut til kundene. Det vi ser på som noe av det viktigste er å ha en god nettbutikk. Den må være oversiktlig, lett å finne frem, ha den informasjonen kundene trenger, ha en rask og sikker utsjekking og betaling. I en nettbutikk er det alltid muligheter for fornyelse og gjøre den bedre, mer informasjon, oppdatering av informasjon, nye funksjoner ved kjøpt, nye bilder m.m. Dette er et fokusområdet for oss og vi ser frem til å gjøre den mye bedre!

Markedsføring er nok det viktigste vi kan gjøre for å vokse. Her har vi fokusert mest på nettbasert markedsføring og vi synes det fungerer godt. Det er mange muligheter på dette området, men vi vil satse på google ads, både søke- og shoppingkampanjer.

Produktutvikling er et annet punkt vi tenker er viktig. Å kunne tilby noen nye produkter hvert år og øke sortimentet. I år tenker vi å utvikle "Flytende bokashistrø" som er et alternativ til vårt tradisjonelle bokashistrø. Vi planlegger også å tilby våres kunder pelletert hønsegjødsel.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Arbeidsverktøy for utvikling av nettbutikk** | **22 000** | | | | | **22 000** |
| **Markedsføring flere shoppingkampanjer** | **16 400** | | | | | **16 400** |
| **Markedsføring øke månedlig budjsett** | **39 500** | | | | | **39 500** |
| **Nettbutikk forbedre handlekurv opplevelsen** | **8 050** | | | | | **8 050** |
| **Nettbutikk nye bilder** | **10 500** | | | | | **10 500** |
| **Nettbutikk oppdatere informasjon** | **19 687** | | | | | **19 687** |
| **Produktutvikling flytende bokashistrø** | **13 125** | | | | | **13 125** |
| **Produktutvikling hønsegjødsel** | **8 750** | | | | | **8 750** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum kostnad** | **138 012** | | | | | **138 012** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Egeninnsats** | **43 112** | | | | | **43 112** |
| **Egenkapital** | **10 000** | | | | | **10 000** |
| **Kvam kommune** | **84 900** | | | | | **84 900** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **138 012** | | | | | **138 012** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
924 009 764
**Navn/foretaksnavn:**
LOKAL BOKASHI AS
**Organisasjonsform:**
Aksjeselskap
**Forretningsadresse:**
Kollen 5
5632 OMASTRAND
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
04.12.2019
**Stiftelsesdato:**
03.11.2019
**Daglig leder/ adm.direktør:**
Fredrik Haugerud
**Vedtektfestet formål:**
Salg av hageprodukter og hageutstyr. Salg av komposteringsutstyr. Salg av tjenester i form av kurs og veiledning innen hage og jordbruk.
**Aktivitet/bransje:**
Nettbasert salg av hageustyr, hageprodukter, komposteringsutstyr med produkter, kurs, veiledning innen hage og jordbruk.
**Næringskode(r):**
47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg

**Sektorkode:**
2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**

Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Registrert i NAV Aa-registeret
Sist innsendte årsregnskap 2020
**Styre:**
**Styrets leder:**
Fredrik Haugerud

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet.
I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Lokal Bokashi AS søkjer om kr 84 900.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 138 012.-.
Prosjektet går ut på å fornye nettbutikken og marknadsføre denne.
Lokal Bokashi AS har tidlegare fått kr. 20 000.- frå kraftfondet Hardangerrådet sitt etablerarstipend på kr. 50 000.-

Prosjektet skal utvikle nettbutikken og marknadsføre denne.
Rådmannen innstiller på avslag på søknaden sidan dei har fått tilskot før og det er avgrensa midlar til fordeling.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 052/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 134 |

**Kraftfondet - Mathuset i Hardanger - søknad om støtte til utvikling av Skummesalen**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 100 000.- til Mathuset i Hardanger for å utvikle prosjektet «Skummesalen»
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Mathuset i Hardanger søkjer om eit tilskot på kr. 300 000.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 800 000.-
Planen er å utvikla «Skummesalen» i det gamle meieriet til eit opplevingssenter for mat og drikke.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52336 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52337 | Soknad-2022-0046 |
| 52338 | IMG_20220427_081949 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Skummesalen i hjarta av Mathuset i Hardanger har med sine store vindauge og gode atmosfære stort potensiale både som opplevingssenter for presentasjon og sal av mat og drikke frå nærområda.

Mathuset i Hardanger vil etablere «Skummesalen» - eit profesjonelt drive senter som skal fremje vekst og produksjon av mat og drikke i vårt lokalområde.

«Skummesalen» skal snakke høgt om all den fantastiske lokale maten i og rundt Øystese, og servere han til publikum på eit fat gjennom spanande opplevingar.

**Prosjektbeskrivelse**
Mathuset i Hardanger (MiH) er eigar og utviklar av Sjusetevegen 14, bygningen der Tine Meierier hadde produksjon av blant anna kremost fram til 2019.

MiH fekk kjøpe bygningen av TINE med føremål om å skape eit senter for fremje av lokal mat og drikke. Til no har bedriftene Kvam Fruktlager, Hardanger Bryggeri og Hardanger Bygdeysteri etablert seg med utsal og produksjon i bygget. I tillegg er HardangerSmak i ein prosess der dei vert del av Gardsmatutsalet til Kvam Fruktlager.

Sentralt i denne satsinga er å utvikle ei samlande eining i bygget, der publikum kan få presentert mat og drikke frå regionen gjennom ei rekkje ulike opplevingar.

Det er gjennomført eit forprosjekt der ein har sett på tilhøva til å bygge opp eit publikumsområde i den gamle skummesalen i meieri-bygget. Me har saman med arkitekt og andre bygningskyndige sett på moglege løysingar for denne delen av bygget, og vurdert korleis ein kan gå fram for å nå målet om å kunne gjennomføre arrangement.

Me tenkjer det kan vere tenleg å halde på namnet på rommet frå meieri-tida og ynskjer å kalle prosjektet og staden for Skummesalen, med undertittel mat og drikke frå Hardanger.

Me vil halde på kvalitetane i rommet med sitt industrielle preg, store vindauge og gode ljos. Skummesalen har ei lun og autentisk atmosfære som gjev eit svært godt utgangspunkt for vidare utvikling som publikumsområde med fokus på opplevingar kring mat og drikke.

Skummesalen vil kunne vere eit prøverom for utvikling av nye produkt og ikkje minst nye konsept for lokale matopplevingar.

Det er eit stort behov for auka medvite kring bruk av råvarer og produkt frå eigen region. Me ser det som ei viktig oppgåve at fleire tek på seg å informere korleis produkta kan nyttast i det daglege, korleis dei kan kombinerast, og kvar dei er tilgjengelege.

Konsum av kortreist mat og drikke er ei næring i stor utvikling, og det er utan tvil avgjerande at Øystese og Kvam legg til rette for utvikling kring serveringsstader og møtestader der fastbuande kan få opplevingar og tilhøyrsle kring produkt frå eigen region. Slik vil Skummesalen kunne vere ein bidragsytar til å bygge opp identitet og stoltheit rundt

det å vere bebuar i lokalsamfunnet Øystese, Kvam og Hardanger. Ved å skape slike tilbod for dei som bur her vil ein samstundes bygge eit lokalsamfunn det vil vere attraktivt å flytte til.

Skummesalen kan utviklast til å verte eit profesjonelt drive opplevingssenter med eit overordna fokus på lokale matprodusentar.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Andre driftskostnader | 5 000 | 25 000 | | | | 30 000 |
| AV-utstyr (Projektor, skjermar) | 50 000 | | | | | 50 000 |
| Forsikringar | 2 000 | 3 000 | | | | 5 000 |
| Innleigd hjelp arrangement | 10 000 | 50 000 | | | | 60 000 |
| Kassesystem | 5 000 | | | | | 5 000 |
| Kontorutstyr | 15 000 | | | | | 15 000 |
| Leige av lokaler (ca 120 kvm * 900,-) | 55 000 | 55 000 | | | | 110 000 |
| Marknadsføring/profilering | 20 000 | 70 000 | | | | 90 000 |
| Møblement/innredning | 30 000 | 50 000 | | | | 80 000 |
| Prosjektleiing (40% i 1 år) | 150 000 | 150 000 | | | | 300 000 |
| Reinhald | 10 000 | 10 000 | | | | 20 000 |
| Rekneskap | 2 500 | 2 500 | | | | 5 000 |
| Straum | 9 000 | 9 000 | | | | 18 000 |
| Telefon/internett | 6 000 | 6 000 | | | | 12 000 |
| Sum kostnad | 369 500 | 430 500 | | | | 800 000 |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | 0 |
| Eigen innsats Samarbeidspartnarar | 60 000 | 90 000 | | | | 150 000 |
| Eigen innsats Skummesalen | 60 000 | 90 000 | | | | 150 000 |
| Inntekter frå arrangement | 50 000 | 150 000 | | | | 200 000 |
| Kvam kommune | 300 000 | | | | | 300 000 |
| Sum finansiering | 470 000 | 330 000 | | | | 800 000 |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
822 884 032
**Navn/foretaksnavn:**
MATHUSET I HARDANGER AS
**Organisasjonsform:**
Aksjeselskap
**Forretningsadresse:**
Sjusetevegen 14
5610 ØYSTESE
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
13.09.2019
**Stiftelsesdato:**
07.08.2019
**Kontaktperson:**
Gjermund Stuve
**Vedtektfestet formål:**
Mathuset i Hardanger AS skal legge til rette for ny næringsaktivitet som nyttar meierilokala på ein god måte. Eigedomselskapet sitt føremål er å leige ut areal i meieriet til aktørar som skapar næringsaktivitet.
**Aktivitet/bransje:**
Kjøp og utleige av eigedom.
**Næringskode(r):**
68.209 Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers
**Sektorkode:**
2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Frivillig registrering i Merverdiavgiftsregisteret:
- Utleier av bygg eller anlegg

Sist innsendte årsregnskap 2020
**Styre:**
**Styrets leder:**
Gjermund Stuve
**Styremedlem:**
Geir Henning Spilde
Georg Aarhus
Tanja Borge
Liv Signe Lyngstad

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet.

I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Mathuset i Hardanger søkjer om eit tilskot på kr. 300 000.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 800 000.-
Planen er å utvikla «Skummesalen» i det gamle meieriet til eit opplevingssenter for mat og drikke.
Lokal mat og drikke har eit stort potensiale for utvikling av opplevingar knytt både til fastbuande og turistar.

Rådmannen innstiller på å løyva kr. 100 000.- til prosjektet.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 053/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 145 |

**Kraftfondet - Mundheim Consulting - søknad om støtte til arrangering av fjellturar for turistar**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Mundheim Consulting.

**Samandrag:**
Mundheim Consulting har 3 utleigeeiningar der dei driv utleige til turistar som kjem for fiske og rekreasjon. No ynskjer dei å utvida tilbodet ved å tilby guida turar med stølsbesøk og historieforteljing.
Mundheim Consulting søkjer om kr. 200 000.- i støtte frå Kraftfondet for å tilretteleggja for guida fjellturar, utan spesifisering av utgifter. Totalbudsjettet er og kr. 200 000.-, det vil seia ingen eigenandel. Både ut frå manglande eigenandel på minst 50%, låg detaljeringsnivå på budsjett, og med stor søknad til avgrensa midlar, tilrår ikkje rådmannen å prioritera støtte til denne søknaden.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52261 | Søknad på kommunalt næringsfond |
| 52262 | RF13 |

**Saksopplysningar:**
Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Arrangere fjellturer for turister som vitjar Kvam/Strandebarm

**Prosjektbeskrivelse**
Me har 3 utleige einheiter og har turister som vitjar oss primært for fiske og rekreasjon. Det er i tillegg til dette svært mange som ynskjer turar i skog og fjell med følge.

Me vil i den forbindelse tilrettelegge for besøk på eit sel som me vil bruke som ei historie forteljing og der me kan ha ein stopp, koke ein kopp kaffi eller ha ein enkel lunsj. Me vil og på den måten kunnna visa litt av tidligare og nåværande bruk.

Grunneigaren og eigar av selet har sagt seg villig til å leige dette ut til oss. Ønskjer derfor støtte til å tilrettelegge for dette tiltaket. Me vonar og at dette kan væra med å bidra til at ein ny og eit ekstra tilbud til fisketurismen som me tilbyr pr. idag.

Me vonar og at dette vil setje fjellheimen og tur områda i Kvam på kartet noko betre enn det er pr. idag.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilretteleggelse av sel og promotering | 100 000 | 50 000 | 50 000 | | | 200 000 |
| Sum kostnad | 100 000 | 50 000 | 50 000 | | | 200 000 |

Da vi allerede er igang med å arrangere turer for våre gjester og disse utgiftene er minimale da vi gjør dette av entusiasme og som en tilleggs ytelse inntil videre. Vi ønsker å promotere slik at vi kan få dette inn som en del av reiseopplevelsen med de følger at vi kan innhente flere kunder med dette tilbudet samt prissette det. Kostnaden ved å tilretteleggelse av opplevelsene er det som er den største utgiften samt å få informasjon om tilbudet ut i i det norske og utanlanske merkedet.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvam kommune | 100 000 | 50 000 | 50 000 | | | 200 000 |
| Sum finansiering | 100 000 | 50 000 | 50 000 | | | 200 000 |

Ønsker start innskudd for å kunne promotere dette som en reise opplevelse til Strandebarm i Kvam herad.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet

Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
992 277 467
**Navn/foretaksnavn:**
MUNDHEIM CONSULTING Bjørn Tore Mundheim
**Organisasjonsform:**
Enkeltpersonforetak
**Forretningsadresse:**
Strandebarmsvegen 328
5630 STRANDEBARM
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
06.03.2008
**Innehaver:**
Bjørn Tore Mundheim
**Aktivitet/bransje:**
Utføring av mekanisk arbeid på land og offshore, køyring av anleggsmaskiner, føring av båt og anna arbeid og tenester som naturleg høyrer til.
**Næringskode(r):**
50.204 Forsyning og andre sjøtransporttjenester for offshore
**Sektorkode:**
8200 Personlig næringsdrivende
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| Tema | Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse». |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Mundheim Consulting søkjer om kr. 200 000.- i støtte frå Kraftfondet for å tilretteleggja for guida fjellturar. Totalbudsjettet er og kr. 200 000.-
Mundheim Consulting har 3 utleigeeiningar der dei driv utleige til turistar som kjem for fiske og rekreasjon. No ynskjer dei å utvida tilbodet ved å tilby guida turar med stølsbesøk og historieforteljing.

Det er positivt at det vert lagt til rette for meir aktivitetar i utmarka. Det er søkt om full finansiering av tiltaket, men her må det leggjast inn eigenandel. Kva utgifter søkjer seg for seg, er ikkje spesifisert.

Både ut frå manglande eigenandel på minst 50%, låg detaljeringsnivå på budsjett, og med stor søknad til avgrensa midlar, tilrår ikkje rådmannen å prioritera støtte til denne søknaden.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 054/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 136 |

**Kraftfondet - Norheimsund Næringslag .- søknad om støtte til fornying av sitjebenker i miljøgata i Norheimsund**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 36 000.- i tilskot til Norheimsund Næringslag og Norheimsund Grendautval for fornying av benkane og avfallspunkta i Norheimsund.
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Norheimsund Næringslag og Norheimsund Grendautval søkjer om kr. 50 000.- i tilskot av eit prosjekt med totalramme på kr. 78 000.-
Dei ynskjer å skifta ut trebenkene i sentrum av Norheimsund. I tillegg vil dei fornya avfallspunkta i sentrum.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52343 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52344 | RF13 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**

Utskiftning av treverk på sitjebenkar i sentrum og re-etablering av avfallspunkt

**Prosjektbeskrivelse**

Norheimsund Næringslag og Norheimsund Grendautval har tatt initiativ til å fornya treverket på 7 sitjebenkar som vart satt opp ved etablering av Miljøgata i Norheimsund Sentrum. Treverket er tildels råte og øydelagt, og er grunna manglande vedlikehald grove og slitte i overflata. Dette innbyr ikkje til bruk og forringar det gode inntrykket ein elles har av sentrum.

Det er samstundes ønskeleg å re-etablera avfallspunkt midt i sentrum ved trappa frå Sånn Mat og ned til Nistagato. Det bør også opp eit punkt på veggen til Ugler i Mosen slik at bosspann er synlege i begge gangretningar.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Arbeidstimar** | **18 000** | | | | | **18 000** |
| **Innkjøp av material** | **60 000** | | | | | **60 000** |
| | | | | | | |
| **Sum kostnad** | **78 000** | | | | | **78 000** |

Arbeidstimar er dugnadsinnsats for fjerning av eksisterande treverk, samt montering av ny ramme og nytt treverk. Berekna til ca 60 arbeidstimar.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Dugnadsinnsats** | **18 000** | | | | | **18 000** |
| **Egenkapital** | **10 000** | | | | | **10 000** |
| **Kvam kommune** | **50 000** | | | | | **50 000** |
| | | | | | | |
| **Sum finansiering** | **78 000** | | | | | **78 000** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret

Øverst i skjemaet

Nederst i skjemaet

**Organisasjonsnummer:**

983 941 559

**Navn/foretaksnavn:**

NORHEIMSUND NÆRINGSLAG

**Organisasjonsform:**

Forening/lag/innretning

**Forretningsadresse:**

Grova 10

5600 NORHEIMSUND

**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Internettadresse:**
www.norheimsund.no
**Registrert i Enhetsregisteret:**
18.12.2001
**Stiftelsesdato:**
15.03.2000
**Kontaktperson:**
Geir Mo Fratrådt
**Aktivitet/bransje:**
Interesseforening for handels og servicenæringa i Nordheimsund.
**Næringskode(r):**
94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
**Sektorkode:**
7000 Ideelle organisasjoner
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
**Styre:**
**Styrets leder:**
Jahn Brattli Tolo
**Nestleder:**
Aase Tyssebotn
**Styremedlem:**
Cecilie Mo Vik
Arve Øyri
Tone Høysæter

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Norheimsund Næringslag og Norheimsund Grendautval søkjer om kr. 50 000.- i tilskot av eit prosjekt med totalramme på kr. 78 000.-
Dei ynskjer å skifta ut trebenkene i sentrum av Norheimsund. I tillegg vil dei fornya avfallspunkta i sentrum.
Det er trong for utskifting av benkene i sentrum og Kvam herad er positive til tiltaket.
Rådmannen meiner at Kvam herad dekker halve kostnaden og innstiller på eit tilskot på kr. 36 000.-

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| **Utval** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 055/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 130 |

**Kraftfondet - Næringshagen på Voss og Hardanger - søknad om støtte til arbeid med desentralisert utdanning**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 202 080.- til Hardanger og Voss næringshage for utvikling av eit desentralisert utdanningstilbod.
Det er ein forutsetnad at dei andre kommunane løyver sin del.
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Hardanger og Voss Næringshage AS søkjer om kr. 202 080.- til eit prosjekt med totalbudsjett på kr. 2 400 000.-
Prosjektet har som hovudmål å etablere eit kompetansesenter/kompetansehub for Voss, Hardanger og Kvinnherad som kjem inn under statleg finansiering seinast frå 01.01.2024. Prosjektet har ikkje som mål om å etablera eit studiesenter lokalisert på ein stad, men vil koordinera kompetanseheving lokalt i dei seks kommunane som prosjektet omfattar. Vestland fylkeskommune har gjeve tilsagn om kr. 1 200 000.- til prosjektet om kommunane løyver sin del.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52321 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52322 | Soknad-2022-0044 |
| 52323 | Budsjett Fraa prosjekt til varig tilbod |
| 52324 | Vedlegg 2 - Framdriftsplan Fraa prosjekt til varig tilbod |
| 52325 | Soeknad til Kvam herad om tilskot til utdanningsprosjekt |

**Saksopplysningar:**
Frå søknaden:
**Kort beskrivelse**
Prosjektet har som hovudmål å etablere eit kompetansesenter/kompetansehub for Voss, Hardanger og Kvinnherad som kjem inn under statleg finansiering seinast frå 01.01.2024. Prosjektet har ikkje som mål om å etablera eit studiesenter lokalisert på ein stad, men vil koordinera kompetanseheving lokalt i dei seks kommunane som prosjektet omfattar.

Dette inneber utarbeiding av ein organisasjonsplan og ein økonomiplan, samt etablere samarbeidsavtalar med offentleg sektor, utdanningssektoren og næring

**Prosjektbeskrivelse**
Prosjektet skal rette fokus mot etablerte utdanningsinstitusjonar etter vidaregåande skule, samt kompetansehevande tiltak som til ei kvar tid vert etterspurt i arbeidslivet. Dette kan og bør ein sjå i samanheng med BIO-midlar (Bedriftsintern opplæring frå fylkeskommunen) og kva som er mogeleg å få til under denne ordninga.

Prosjektet har som hovudmål å etablere eit kompetansesenter/kompetansehub for Voss, Hardanger og Kvinnherad som kjem inn under statleg finansiering seinast frå 01.01.2024. Prosjektet har ikkje som mål om å etablera eit studiesenter lokalisert på ein stad, men vil koordinera kompetanseheving lokalt i dei seks kommunane som prosjektet omfattar.

Dette inneber utarbeiding av ein organisasjonsplan og ein økonomiplan, samt etablere samarbeidsavtalar med offentleg sektor, utdanningssektoren og næringslivet.

Den økonomiske ramme er kr. 2.400.000,-

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Arbeid med prosjektet** | **1 200 000** | **1 200 000** | | | | **2 400 000** |
| **Sum kostnad** | **1 200 000** | **1 200 000** | | | | **2 400 000** |

Sjå vedlegg.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eidfjord kommune | 10 859 | 10 859 | | | | 21 718 |
| Kvam kommune | 101 040 | 101 040 | | | | 202 080 |
| Kvinnherad kommune | 155 373 | 155 373 | | | | 310 746 |
| Ullensvang kommune | 131 089 | 131 089 | | | | 262 178 |
| Ulvik kommune | 12 733 | 12 733 | | | | 25 466 |
| Vestland Fylkeskommune | 600 000 | 600 000 | | | | 1 200 000 |
| Voss Herad | 188 906 | 188 906 | | | | 377 812 |
| | | | | | | |
| Sum finansiering | 1 200 000 | 1 200 000 | | | | 2 400 000 |

Sjå vedlegg.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
911 740 095
**Navn/foretaksnavn:**
NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS AS
**Organisasjonsform:**
Aksjeselskap
**Forretningsadresse:**
Evangervegen 3
5704 VOSS
**Kommune:**
VOSS
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
23.03.2013
**Stiftelsesdato:**
21.02.2013
**Daglig leder/ adm.direktør:**
Michael Knüsel
**Vedtektfestet formål:**
Innovasjon og næringsutvikling på Voss og omland gjennom utvikling av og tilrettelegging for nye og etablerte bedrifter, samlokalisering, tilrettelegging for relevante prosjekter og utvikling av et sterkt nettverks- og kunnskapssenter.
**Aktivitet/bransje:**
Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning.
**Næringskode(r):**
70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning
79.901 Turistkontorvirksomhet og destinasjonsselskaper
**Sektorkode:**

2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Registrert i NAV Aa-registeret
Sist innsendte årsregnskap 2020
Foretaket har besluttet å innfusjonere:
Org.nr 915 766 641
NÆRINGSHAGEN I HARDANGER AS
Sjusetevegen 27
5610 ØYSTESE
**Styre:**
**Styrets leder:**
Asgeir Løno
**Styremedlem:**
Ulf Hustad
Karianne Finne
Torgils Bryn
Hanne Heggen Hedenstad
Per Berge

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet.
I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | X |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Hardanger og Voss Næringshage AS søkjer om kr. 202 080.- til eit prosjekt med totalbudsjett på kr. 2 400 000.-
Prosjektet har som hovudmål å etablere eit kompetansesenter/kompetansehub for Voss, Hardanger og Kvinnherad som kjem inn under statleg finansiering seinast frå 01.01.2024. Prosjektet har ikkje som mål om å etablera eit studiesenter lokalisert på ein stad, men vil koordinera kompetanseheving lokalt i dei seks kommunane som prosjektet omfattar.
Vestland fylkeskommune har gjeve tilsagn om kr. 1 200 000.- til prosjektet om

kommunane løyver sin del.

Rådmannen meiner dette er eit viktig tiltak for å styrkja kompetansen i regionen. Det vert difor innstillt på å løyva omsøkt sum, under forutsetnad at dei andre kommunane løyver sin del.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 056/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 127 |

**Kraftfondet - Soltorp - søknad om støtte til opparbeiding av offentleg parkområde**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Soltorp Sameige fordi det er avgrensa midlar til fordeling.

**Samandrag:**
Soltorp Sameige søkjer om kr. 47 500.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 107 500.-
Kvam herad er eigar av grunnen som omkransar bustadsameiget Soltorp. Området mot fjorden er regulert som parkområde og er i dag ein stor treplatting utan møblering.
Målet er å skapa eit attraktivt friområde ved fjordkanten, framfor Soltorp.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52304 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52305 | Soknad-2022-0042 |
| 52306 | Loeyve til tiltak paa kommunal grunn ved Soltorp Sameige, Norheimsund |
| 52307 | Landskapsplan Soltorp revidert |
| 52308 | BUDSJETT FOR OPPGRADERING AV OFFENTLEG PARKOMRAaDE |
| 52309 | Reg.plan Soltorp |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**

Søknad om tilskot for å opparbeida offentleg friareal på kommunal grunn gr. 31 /bnr.20 i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Soltorp Bustadsameige har fått utarbeidd ein plan for det kommunale friarealet og tek initiativ til at sjøfronten skal møblerast med stadbygde benkar og blomekassar. Dette er eit trivselstiltak som også vil vera ei visuell oppgradering av eit sentralt område i bygda.

**Prosjektbeskrivelse**

Kvam herad er eigar av grunnen som omkransar bustadsameiget Soltorp. Området mot fjorden er regulert som parkområde og er i dag ein stor treplatting utan møblering.

For å få ei optimal utforming og planløysing har sameiga engasjert landskapsarkitekt som har teikna inn stadbygde møblar og store plantekassar med vegetasjon av ymse slag. Her er det planlagt for frukttre, lågare buskvekster og blomar som vil setja farge på eit godt synleg område i sentrum.

Materialar er berekna og kalkulert av lokalt byggefirma. For utan stor dugnadsinnsats vert det leigd inn bygningsfolk til å gjera ein del av arbeidet.

Med dette tiltaket vil området bli vesentleg oppgradert og få eit parkmessig preg som vil bidra til å pryda bygda.

Soltorp sameige har inngått juridisk avtale med Kvam herad om løyve til å iverksetja tiltaket, om tilsyn og om framtidig vedlikehald.

Norheimsund Grendautval stiller seg bak tiltaket som også vil vera til glede for almenta.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Arbeid** | **22 500** | | | | | **22 500** |
| **Jord og planter** | **15 000** | | | | | **15 000** |
| **Landskapsplan,tilrettelegging** | **15 000** | | | | | **15 000** |
| **Materialar** | **55 000** | | | | | **55 000** |
| **Sum kostnad** | **107 500** | | | | | **107 500** |

Arbeid er innleigd + eigeninnsats
Materialkost er kalkulert av byggefirma
Totalkostnad kr. 105.000.-
Sjå vedlegg.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital** | **50 000** | | | | | **50 000** |
| **Kvam kommune** | **47 500** | | | | | **47 500** |
| **Sparebanken Vest, innvilga tilskot** | **10 000** | | | | | **10 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **107 500** | | | | | **107 500** |

Eigenkapital består av kontanttilskot og arbeidsinnsats.
Sjå vedlagt finansieringsplan.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
924 618 922
**Navn/foretaksnavn:**
SOLTORP
**Organisasjonsform:**
Eierseksjonssameie
**Forretningsadresse:**
Hardangerfjordvegen 27
5600 NORHEIMSUND
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
17.03.2020
**Stiftelsesdato:**
29.01.2020
**Vedtektfestet formål:**
Eierseksjonssameie
**Aktivitet/bransje:**
Eierseksjonssameie
**Næringskode(r):**
97.000 Lønnet arbeid i private husholdninger
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret
**Styre:**
**Styrets leder:**
Hallvard Bjørgum
**Styremedlem:**
Marion Hansen
Hege Beathe Tolo Byrkjeland
**Varamedlem:**
Arve Øyri

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert

den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | |

Soltorp Sameige søkjer om kr. 47 500.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 107 500.-
Kvam herad er eigar av grunnen som omkransar bustadsameiget Soltorp. Området mot fjorden er regulert som parkområde og er i dag ein stor treplatting utan møblering.
Målet er å skapa eit attraktivt friområde ved fjordkanten, framfor Soltorp.

Rådmannen meiner at det er positivt at det vert tilrettelagt ved fjorden framfor Soltorp.
Det er mange søknader denne gongen og med avgrensa midlar foreslår rådmannen å avslå søknaden.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 057/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 132 |

**Kraftfondet - Stiftinga Hardanger og Voss Museum - søknad om støtte til bygging av Kulturnaustet**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 2 500 000.- i tilskot til bygging av kulturnaustet.
Utbetaling mot dokumenterte utgifter.

**Samandrag:**
Hardanger og Voss museum søkjer om eit tilskot på kr. 2 500 000.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 75 552 000.-
Utviklingsprosjektet «Tett på» er ein samla plan for vidareutvikling av heile Hardanger fartøyvernsenter (HFS) med nye og eksisterande bygg. Planen er stykka opp i sju delprosjekt som kan gjennomførast kvar for seg etter kvart som finansiering går i orden.
No er det Kulturnaustet som står for tur og Kvam herad er søkt om sin del av finansieringa.
I budsjettet til Kvam herad for 2022 vart museet oppfordra til å søkje om støtte frå kraftfondet.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52328 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52329 | Soknad-2022-0024 |

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52330 | Prosjektbeskrivelse Kulturnaustet 2022 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**

Utviklingsprosjektet «Tett på» er ein samla plan for vidareutvikling av heile Hardanger fartøyvernsenter (HFS) med nye og eksisterande bygg. Planen er stykka opp i sju delprosjekt som kan gjennomførast kvar for seg etter kvart som finansiering går i orden.

**Prosjektbeskrivelse**

Hardanger fartøyvernsenter (HFS) er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur og historie. HFS er del av Hardanger og Voss museum. HFS sitt hovudarbeidsfelt er ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv knytt til maritime handverk. I 2021 vart nordisk klinkbåtbyggingstradisjon skriven inn på UNESCO si liste over den immaterielle kulturarven i verda. Bygging av klinkbygde båtar har ein 2000 år lang historie, og er ein av tradisjonane som vert teken i vare på HFS. UNESCO-status vil gje HFS og handverkstradisjonane endå meir merksemd.

Hardanger fartøyvernsenter (HFS) er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur og historie. HFS er del av Hardanger og Voss museum. HFS sitt hovudarbeidsfelt er ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv knytt til maritime handverk. I 2021 vart nordisk klinkbåtbyggingstradisjon skriven inn på UNESCO si liste over den immaterielle kulturarven i verda. Bygging av klinkbygde båtar har ein 2000 år lang historie, og er ein av tradisjonane som vert teken i vare på HFS. UNESCO-status vil gje HFS og handverkstradisjonane endå meir merksemd.

HFS har det største fagmiljøet knytt til restaurering og nybygging av tradisjonelle fartøy og båtar. Fleire tradisjonelle handverksfag er representert, som trebåtbyggjar, smed, reipslagar, riggar, segling m.m. Men her er òg eit stort fagmiljø knytt til dokumentasjon og forsking omkring fartøy og båtar. HFS er godkjent læreverksemd innan tre fag, rekrutterer lærlingar til faga. Frå 2019 er her ein læringsarena for bygningsvern i faget «Klassisk bygningshandverk og restaurering». Dette er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Fagskolen i Vestland og Hardanger og Voss museum.

HFS er ein publikumsattraksjon der besøkande kan oppleve og lære om maritim historie gjennom aktivitetar på senteret og om bord i hardangerjakta Mathilde. Mottoet er å læra gjennom å gjera. Dei seinare åra har me hatt ei fin auke i besøket og hadde i 2019 20 000 besøkande. Gjennom utviklingsprosjektet, «Tett på», planlegg me anlegg og innhald som skal gje auka besøkstal, fleire elevar/studentar, auka verdiskaping og betre og meir føremålstenelege verkstadar. Visjonen vår er: «Gode opplevingar å bryna seg på». Hardanger fartøyvernsenter er etter kvart ein sterk merkevare lokalisert i regionsenteret Norheimsund.

Kvam herad si tettstadsutvikling og bygginga av Strandvegen fram til Hardanger fartøyvernsenter spelar på lag med senteret sine overordna målsettingar og motiverer til

samarbeid om vidare utvikling.

Fleire av delprosjekta tek til å bli ferdige. Det siste var "Smietunet", som no er teke i bruk.

Dei som står for tur no er:

- Avslutting av strandvegen og andre arbeid utomhus for å legge til rette for ålmenn tilgjenge

- Vendehammar på den kommunale vegen

- Materiallager med parkering

- Publikumsbygget "Kulturnaustet"

Desse delprosjekta ser me no i samanheng ettersom dei grip inn i kvarandre. Dei bør difor ideelt sett gjennomførast samla.

Denne søknaden gjeld støtte til publikumsbygget "Kulturnaustet". Dette er det største delprosjektet i "Tett på". Kalkyle frå mai 2020 tilsa i underkant av 60 mill kroner for utviding og ombygging av eksisterande bygning, tildegare ICA-butikken. No har bygget fått eit nytt og enklare formkonsept. Samstundes har prisar på byggevarer auka kraftig dei siste to åra. Me arbeider med ny kalkyle på "Kulturnaustet".

Prosjektering av det nye konseptet er snart ferdig.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kulturnaustet** | **2 000 000** | **38 834 000** | **18 000 000** | | | **58 834 000** |
| **Materiallager og parkering** | | **6 918 000** | | | | **6 918 000** |
| **Prosjektering, eksterne konsulentar** | **1 300 000** | **200 000** | **200 000** | | | **1 700 000** |
| **Strandveg, utomhus m.m.** | **1 000 000** | **3 900 000** | | | | **4 900 000** |
| **Vitenpark** | | | **3 200 000** | | | **3 200 000** |
| **Sum kostnad** | **4 300 000** | **49 852 000** | **21 400 000** | | | **75 552 000** |

Kalkyle på Kulturnaustet er divverre ikkje oppdatert, er under arbeid. Kalkylen er frå mai 2020 og etter den tid har det vore kraftig auke i kostnader i byggebransjen.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Andre fond m.m. | | 20 700 000 | | | | 20 700 000 |
| Eigenfinansiering/lån | | 5 302 000 | 5 200 000 | | | 10 502 000 |
| Kultur- og likestillingsdepartementet | 1 800 000 | 20 000 000 | 16 200 000 | | | 38 000 000 |
| Kvam herad, tidlegare løyvd | | 2 000 000 | | | | 2 000 000 |
| Kvam kommune | 2 500 000 | | | | | 2 500 000 |
| Sparebankstiftinga Hardanger | | 1 850 000 | | | | 1 850 000 |
| **Sum finansiering** | **4 300 000** | **49 852 000** | **21 400 000** | | | **75 552 000** |

Erfaringsmessig er andre fond krevjande å få til å løyve midlar til prosjektet, det er lagt store ressursar ned i det arbeidet.

**Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret:**
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
987 927 704
**Navn/foretaksnavn:**
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM
**Organisasjonsform:**
Stiftelse
**Forretningsadresse:**
5779 UTNE
**Kommune:**
ULLENSVANG
**Postadresse:**
5778 UTNE
**Internettadresse:**
www.hardangerogvossmuseum.no
**Registrert i Enhetsregisteret:**
09.03.2006
**Stiftelsesdato:**
17.01.2006
**Daglig leder/ adm.direktør:**
Åsmund Johannes Kristiansen
**Vedtektfestet formål:**
Ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera

med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen. Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeide i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk. Museet skal yte fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

**Aktivitet/bransje:**

Ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forsking og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen. Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk. Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

**Næringskode(r):**

91.030 Drift av historiske steder og bygninger og lignende severdigheter

91.022 Drift av kulturhistoriske museer

90.020 Tjenester tilknyttet underholdningsvirksomhet

**Sektorkode:**

6500 Kommuneforvaltningen

**Særlige opplysninger:**

Registrert i Foretaksregisteret
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Registrert i NAV Aa-registeret
Registrert i Stiftelsesregisteret
Sist innsendte årsregnskap 2020

**Styre:**

**Styrets leder:**

Lars Mossefinn

**Nestleder:**
Solfrid Borge
**Styremedlem:**
Asbjørn Tolo
Hans Jørgen Andersen
Elisabeth Wesenlund Hauge
Silje Ensby
Agnete Bratland Sivertsen
**Varamedlem:**
Gunnar Skeie
Astrid Farestveit Selsvold
Gunnar Moland
Karen Noer Korssjøen
Sissel Else Lillebostad
Alexander Günther
Line Benedikte Iversen
Lars Brandstveit Ystanes
Morten Hesthammer

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | X |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | X |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Hardanger og Voss museum søkjer om eit tilskot på kr. 2 500 000.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 75 552 000.-
Utviklingsprosjektet «Tett på» er ein samla plan for vidareutvikling av heile Hardanger fartøyvernsenter (HFS) med nye og eksisterande bygg. Planen er stykka opp i sju delprosjekt som kan gjennomførast kvar for seg etter kvart som finansiering går i orden. No er det Kulturnaustet som står for tur og Kvam herad er søkt om sin del av finansieringa. I budsjettet til Kvam herad for 2022 vart museet oppfordra til å søkje om støtte frå kraftfondet.

Prosjektet treff mange tema i næringsplanen og er eit viktig tiltak for å vidareutvikla Fartøyvernsenteret.

Rådmannen innstiller på å løyva dei 2,5 millionane som er omsøkt.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 058/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 142 |

**Kraftfondet - Strandebarm idrettslag - søknad om støtte til vøle av Strandebarm Sportell**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden Strandebarm idrettslag fordi det er støtte til reint vedlikehald, og ikkje kjem innanfor vedtektene til kraftfondet.

**Samandrag:**
Strandebarm idrettslag søkjer om kr. 440 000.- i støtte til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 910 000.-. Resten av finansieringa er dugnad og eigne midlar.
Arbeidet som skal gjerast er skifte av vindauga og utvendig vedlikehald på Strandebarm Sportell AS, som idrettslaget eig. Dette kjem ikkje innanfor vedtektene til kraftfondet, og rådmannen meiner at søknaden må avslåast.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52273 | Støtteordning Kommunalt næringsfond |
| 52274 | Soknad-2022-0031 |
| 52275 | Yttervegger og vindu |
| 52276 | Budsjett vøla Strandebarm Sportell |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Skifting av vindu og utvendig vedlikehald

**Prosjektbeskrivelse**
SIL eig sportellet og leiger det ut til Strandebarm Sportell AS. Bygget treng no sårt til ytre vedlikehald som skifting av vindu, reparasjon av murvegger og maling.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Grunning og maling av ark | 4 800 | | | | | 4 800 |
| Grunning og maling av yttervegger | 150 000 | | | | | 150 000 |
| Innkjøp av vindu, tilbod Kvammabygg AS | 272 200 | | | | | 272 200 |
| Oppsett og nedtaking av stillasar | 72 000 | | | | | 72 000 |
| Reparasjon murvegger | 108 000 | | | | | 108 000 |
| Rigging av stillas til ark | 15 000 | | | | | 15 000 |
| Skifte bordkledning på ark | 24 000 | | | | | 24 000 |
| Skifting av vindu med foringar og lister | 120 000 | | | | | 120 000 |
| Tilstadsrapport og arbeidsprosedyrar | 25 000 | | | | | 25 000 |
| Uføresett | 14 000 | | | | | 14 000 |
| Varekjøp bordkledning og skruer | 25 000 | | | | | 25 000 |
| Varekjøp rep. murvegg | 80 000 | | | | | 80 000 |
| **Sum kostnad** | **910 000** | | | | | **910 000** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Dugnad** | **393 800** | | | | | **393 800** |
| **Eigenkapital** | **76 200** | | | | | **76 200** |
| **Kvam kommune** | **440 000** | | | | | **440 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **910 000** | | | | | **910 000** |

Dugnad er rekna til ca. 1250 timar

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
981 593 871
**Navn/foretaksnavn:**
STRANDEBARM IDRETTSLAG
**Organisasjonsform:**
Forening/lag/innretning
**Forretningsadresse:**
Tangeråsneset 50
5630 STRANDEBARM
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
Tangeråsneset 18
5630 STRANDEBARM
**Internettadresse:**
[www.strandebarmil.no](http://www.strandebarmil.no)
**Registrert i Enhetsregisteret:**
26.02.2000
**Stiftelsesdato:**
11.02.1940
**Aktivitet/bransje:**
Organisering og drift av idrettsaktivitetar og tilhøyrande idrettsanlegg.
**Næringskode(r):**
93.120 Idrettslag og -klubber
**Sektorkode:**
7000 Ideelle organisasjoner
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret
Registrert i Frivillighetsregisteret
**Styre:**
**Styrets leder:**
Per Arne Berge
**Nestleder:**
Arthur Johannes Lillefosse
**Styremedlem:**
Olav Sletvold
Monica Rinde Oma

**Vurdering:**
Sportellet har hatt nokre vanskelege år under pandemien, men ser no positivt på framtida. Tilbodet er viktig for bruken av idrettsanlegget i Strandebarm. Rådmannen ser likevel ikkje at det er grunnlag for å tildela støtte frå kraftfondsmidlar, då søknaden er utanfor vedtektene for Kraftfondet, §2:
*Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekka avdrag og renter på lån eller løypande drift.* Strandebarm idrettslag eig Strandebarm Sportell AS som driv utlegeverksemd. Det er ein eldre bygning og trongen for vedlikehald er stor. No skal det skiftast vindauge og gjerast utvendig vedlikehald. Til trass for stor kostnad, vert maling, reperasjonar og vedlikehald av fasade vert rekna som løypande drift.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 059/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 140 |

**Kraftfondet - Tor Bruland- Søknad om støtte til vidareutvikling av nSilo syresystem**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 50 000.- i tilskot til vidareutvikling av nSilo – syresystem.
Utbetaling mot dokumenterte utgiter.

**Samandrag:**
Hellestveit gard v/ Tor Bruland søkjer om kr. 104 000.- til eit prosjekt med totalkostnad på kr.
208 000.-. Det skal utarbeidast eit printkort som gjer at syresystemet kan kommunisera med traktoren sitt ISObus-system.
Syresystemet vert bukt for å tilsetja og kontrollera ensileringmiddel ved rundballing.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52280 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52281 | RF13 |
| 52282 | nSilo_Hellestveit_Brosjyre |
| 52283 | nSilo BG 03.2022 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
nSilo Syresystem er eit produkt utvikla av Hellestveit gard som er eit enkelt styre og pumpe-system for ensileringsmiddel ved td laging av rundballar. Systemet brukast for å regulere tilsetting av syre som brukast for å få riktig gjæring av graset. Me er no inne i andre sesong etter at me starta opp og ser eit behov for å viderutvikla systemet vårt for å imøtekomma teknologien som idag er i moderne traktorar der alt skal "snakke ilag"

**Prosjektbeskrivelse**
Slik det er no er systemet sett i saman av ulike deler som finns på markedet. For å kunne møte dagens og morgondagens behov for kommunikasjon med sensorer og utstyr i ein moderne traktor, må det produserast eigen printplate som kan "snakke" med traktoren og bli ei inteligent styring. Dagens traktorer bruker ISObus som ein felles plattform for kommunikasjon mellom redskap og traktor. Me ynskjer å gjere ein videreutviling av systemet vårt ved å få laga eit kretskort som innheld alle dei funksjonane me ynskjer og har behov for slik at me kan "henge med" i utviklinga som skjer i landbruket ang presisjonslandbruk og krav til dokumentasjon på det ein gjer.

Me har vore i kontakt med potensielle levrandører her på Vestlandet som kan bistå i utvikling av prototype slik at ein kan både kommunisere med traktoren samtidig som ein har ein god oversikt over forbruk og automatisere tilsetjinga for ein betre kvalitet på grovforet.

Med dette nye systemet så meiner me at det er ein HMS gevinst ved at ein kan dokumentere og vise til logg av forbruket av kjemikalier.

Ved å lage eige printplate så kan ein implementere logikk slik at tilsettinga går automatisk og arbeider utifrå informasjon som blir henta frå td ballepressa. På denne måten får ein betre kvalitet på grovforet samtidig som ein ikkje bruker unødig mykje kjemikalier for å "sikra" seg slik som mange gjer idag.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Design av printkort** | **130 000** | | | | | **130 000** |
| **Design av styrekontrollboks** | **10 000** | | | | | **10 000** |
| **Produksjon av kontrollboks** | | **8 000** | | | | **8 000** |
| **Produksjon av printkort** | **20 000** | **15 000** | | | | **35 000** |
| **Testing** | **10 000** | **15 000** | | | | **25 000** |
| | | | | | | |
| **Sum kostnad** | **170 000** | **38 000** | | | | **208 000** |

Kostnadene er prisestimat ifrå produsent.

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Egenkapital** | **85 000** | **19 000** | | | | **104 000** |
| **Kvam kommune** | **85 000** | **19 000** | | | | **104 000** |
| | | | | | | |
| **Sum finansiering** | **170 000** | **38 000** | | | | **208 000** |

Søkjer om 50 % støtte for produksjon av ny software / printplate.

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
987 550 155
**Navn/foretaksnavn:**
HELLESTVEIT GARD
**Organisasjonsform:**
Enkeltpersonforetak
**Forretningsadresse:**
Hellestveitvegen 113
5610 ØYSTESE
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Internettadresse:**
www.hellestveit.no
**Registrert i Enhetsregisteret:**
30.11.2004
**Innehaver:**
Helen Hellestveit
**Aktivitet/bransje:**
Sauehold. Leigekjøring for grashausting. Produksjon av syresystem.
**Næringskode(r):**
01.451 Sauehold
**Sektorkode:**
8200 Personlig næringsdrivende
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Merverdiavgiftsregisteret

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| Tema | Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse». |
|---|---|

| | |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | X |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Hellestveit gard v/ Tor Bruland har utvikla eit system for styring og tilsetjing av ensileringsmiddel ved rundballing. Systemet tilset rett mengd og gjev ein dokumentasjon på forbruket.
Dette er eit nyttig og spanande produkt som som allereie er teke i bruk av mange.
No skal det vidareutviklast for å kommunisera med traktoren sitt datasystem.

Rådmannen foreslår å tildela kr. 50 000.- i tilskot.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 060/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
| **Saksh.:** Tjosås, Jan | **Objekt:** | 21/10064 - 139 |

**Kraftfondet - Tørvikbygd Grendautval - søknad om støtte til stadutvikling**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre løyver kr. 20 000,- til søknaden frå Tørvikbygd grendautval. Utbetaling mot dokumenterte kostnader.

**Samandrag:**
Tørvikbygd grendautval søkjer om kr. 150 000.- i støtte til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 150 000.-
Planen er å marknadsføra bygda gjennom webside, Facebook og Instagram. Det skal og produserast 2 informasjonsskilt og arbeidast med tilrettelegging av næringsareal.
Det er avgrensa midlar i høve søknadsmasse, men rådmannen tilrår å løyva kr 20 000,- til tiltaket.

**Vedlegg i saka:**

| Dok.id | Tittel |
|---|---|
| 52284 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52285 | RF13 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:

**Kort beskrivelse**
Søknad om stadsutvikling i Tørvikbygd

Produksjon og drifting av webside og offentlige kanaler som Facebook og Instagram.

Samt annonser og skilt matriel for oppsett i bygda for at tilreisande og offentligheten ser kva ting bygda kan tilby.

Formål er å få nye tilflytarar til Tørvikbygd og kommunen.

**Prosjektbeskrivelse**
Me søkjer om midler til å lage og opprette felles bygdeweb side ,samt drifting av den web sida og facebook og instagram side.

Dette skal bli ein felles informasjons kanal til omverden.

Det blir og laga til 2 skilt i 2x1 meter størrelse for bygdeinfo for tilreisande

Ein del av av søknadsummen skal gå til annonse kostnader

Ein del av søknadsumen skal gå til å arbeid med å informere om ledige hus og tomter samt ,legge til rette for å utarbeide næringsareal i bygda.

Det er innhenta tilbud frå ulike aktører på webside og matrial samt drifting av dette og annonse kostnader kostnader vil komme på 150000.

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Stedutvikling** | **50 000** | **50 000** | **50 000** | | | **150 000** |
| **Sum kostnad** | **50 000** | **50 000** | **50 000** | | | **150 000** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvam kommune** | **150 000** | | | | | **150 000** |
| **Sum finansiering** | **150 000** | | | | | **150 000** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet

Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
897 854 562
**Navn/foretaksnavn:**
TØRVIKBYGD GRENDAUTVAL
**Organisasjonsform:**
Forening/lag/innretning
**Forretningsadresse:**
c/o Eivind Måge
Dragshovden 22
5620 TØRVIKBYGD
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
Dragshovden 22
5620 TØRVIKBYGD
**Internettadresse:**
**www.torvikbygd.no**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
01.10.2015
**Stiftelsesdato:**
26.08.2015
**Kontaktperson:**
Eivind Måge
**Aktivitet/bransje:**
Skal gjennom høyringsuttaler, innspel til kommunale planar og eigne initiativ fungera som innbyggjarane i Tørvikbygd sitt talerøyr opp mot Kvam herad spesielt og også i møte med andre offentlige instansar. Skal arbeida for tivselstiltak i bygda, og gjerne i samarbeid med andre lag og organisasjonar.
**Næringskode(r):**
94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
**Sektorkode:**
7000 Ideelle organisasjoner
**Styre:**
**Styrets leder:**
Eivind Måge
**Styremedlem:**
Stig Aase
Per Øyvind Tveiten
Håkon Aarekol
Ingunn Økland Straumstein

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
| --- | --- |
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Tørvikbygd grendautval ynskjer å marknadsføra bygda for å tiltrekkja seg barnefamiliar og nye verksemder. Dette vil dei gjera ved å etablera webside, Facebook og Instagram. Det skal og produserast informasjonsskilt og arbeidast med utvikling av næringsareal.

Det er positivt at grendautvalet ynskjer å setja bygda på kartet med ulike tiltak.
Det er avgrensa midlar i høve søknadsmasse, men rådmannen tilrår å løyva kr 20 000,- til tiltaket.

# Kvam herad

# Sakspapir

**SAKSGANG**

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 061/22 |
| Kvam heradsstyre | | |

| **Avgjerd av:** | **Arkiv:** N-105.6, HistNR-21/743 | **Arkivsaknr** |
|---|---|---|
| **Saksh.:** Hesthamar, Anita | **Objekt:** | 21/10064 - 126 |

**Kraftfondet - Øystese Utvikling AS - søknad om støtte til arbeid med Masterplan Øystese 2060**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kvam heradsstyre avslår søknaden frå Øystese Utvikling AS.

**Samandrag:**
Øystese Utvikling AS søkjer om kr. 200 000.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 500 000.-. Øystese Utvikling AS (ØU) skal gjennomføre eit arbeid med Masterplan Øystese 2060. Denne planen skal skildre ei mogleg framtid for bygda, med von om at det kan verte ei god rettesnor for både kort-og langsiktig utvikling. Arbeidet skal vere breitt forankra, halde god fagleg kvalitet og vise korleis Øystese kan utviklast vidare som ein attraktiv tettstad. ØU ynskjer å teikne eit bilete av eit framtidig Øystese som kan verte ein av dei kjekkaste plassane i Noreg.
Kvam herad har for tida eit planprosjekt på områdepla for Øystese, der Øystese Utvikling AS mest sannsynleg vert ein av aktørarane som spelar inn til planen. Rådmannen meiner at det er bra at private aktørar samordnar seg og arbeider på denne måten. Ein støtte til ein av partane kan likevel påverka stykeforholdet mellom dei ulike innspelsaktørane, og verta opplevd som partisk. Dette, i tillegg til at kommunen sjølv brukar ressursar på områdeplan for Øystese, fører til at rådmannen meiner det ikkje er rett å tildela midlar frå kraftfondet i ein slik prosess.

**Vedlegg i saka:**

| **Dok.id** | **Tittel** |
|---|---|
| 52301 | Søknad om stønad frå Kraftfondet |
| 52302 | Soknad-2022-0045 |
| 52303 | 2022-04 PROSJEKTPLAN Masterplan Oeystese 2060 |

**Saksopplysningar:**

Frå søknaden:
**Kort beskrivelse**
Øystese Utvikling AS (ØU) skal gjennomføre eit arbeid med Masterplan Øystese 2060. Denne planen skal skildre ei mogleg framtid for bygda, med von om at det kan verte ei god rettesnor for både kort-og langsiktig utvikling. Arbeidet skal vere breitt forankra, halde god fagleg kvalitet og vise korleis Øystese kan utviklast vidare som ein attraktiv tettstad. ØU ynskjer å teikne eit bilete av eit framtidig Øystese som kan verte ein av dei kjekkaste plassane i Noreg.

**Prosjektbeskrivelse**
Øystese har hatt ei svært positiv utvikling dei siste åra, og Øystese Utvikling AS (ØU) ynskjer å bidra til at denne positive utviklinga vert ført vidare gjennom eit breitt forankra og fagleg godt arbeid i Masterplan Øystese 2060.

Bakgrunn, målsettingar, organisering, framdrift, arbeidsform osv. er skilda i prosjektplanen som ligg ved.

Prosjektansvarleg: Øystese utvikling AS v/styreleiar Dag Jarle Aksnes

Prosjektleiar: H. J. Andersen AS v/Hans Jørgen Andersen

Prosjektperiode: 1. februar - 1. september 2022

Ekstern prosjektkonsulent: Norconsult

**Kostnadsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ekstern konsulenthjelp** | **288 000** | | | | | **288 000** |
| **Folkemøte/samling 1** | **50 000** | | | | | **50 000** |
| **Folkemøte/samling 2** | **50 000** | | | | | **50 000** |
| **Prosjektleiing, H.J. Andersen AS** | **72 000** | | | | | **72 000** |
| **Reiser** | **20 000** | | | | | **20 000** |
| **Trykk ferdig rapport** | **20 000** | | | | | **20 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum kostnad** | **500 000** | | | | | **500 000** |

**Finansieringsplan**

| Tittel | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvam kommune** | **300 000** | | | | | **300 000** |
| **Øystese Utvikling AS** | **200 000** | | | | | **200 000** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum finansiering** | **500 000** | | | | | **500 000** |

Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret
Øverst i skjemaet
Nederst i skjemaet
**Organisasjonsnummer:**
928 933 598
**Navn/foretaksnavn:**
ØYSTESE UTVIKLING AS
**Organisasjonsform:**
Aksjeselskap
**Forretningsadresse:**
Sandvenvegen 40
5600 NORHEIMSUND
**Kommune:**
KVAM
**Postadresse:**
**Registrert i Enhetsregisteret:**
04.04.2022
**Stiftelsesdato:**
25.01.2022
**Daglig leder/ adm.direktør:**
Hans Jørgen Andersen
**Vedtektfestet formål:**
Fremja ei etappevis utbygging i Øystese fram til 2050, med mest vekt på dei første 10 åra.
**Aktivitet/bransje:**
Øystese Utvikling AS(ØU) skal vera ein pådrivar for å gjera Øystese til eit attraktivt lokalsamfunn. ØU skal utarbeida ein plan som viser utvikling og arealbehov fram til 2050. ØU skal bidra til ny bustadbygging, ettablera av ny næringsaktivitet og reiselivsaktivitet i Øystese.
**Næringskode(r):**
82.990 Annen forretningsmessig tjenesteyting ikke nevnt annet sted
**Sektorkode:**
2100 Private aksjeselskaper mv.
**Særlige opplysninger:**
Registrert i Foretaksregisteret

**Styre:**
**Styrets leder:**
Dag Jarle Aksnes
**Styremedlem:**
Tore Grimstad
Anne Marie Øvrevik
Kjetil Farestveit Kvittingen
Øyvind Kvåle
**Varamedlem:**
Connie Langeland
Johanna Valland

**Vurdering:**
Rådmannen vurderer at søknaden er innafor retningslinene og vedtektene for Kraftfondet. I høve til Kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 til 2023, så vert den vurdert på fylgjande vis i høve til tema for planen:

| **Tema** | **Vurdering om søknaden er i samsvar med tema i «kommunedelplan for næring og kompetanse».** |
|---|---|
| BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI | |
| UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER | X |
| SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID | |
| STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE | X |
| SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING | X |

Øystese Utvikling AS søkjer om kr. 200 000.- i tilskot til eit prosjekt med totalkostnad på kr. 500 000.-
Øystese Utvikling AS (ØU) skal gjennomføre eit arbeid med Masterplan Øystese 2060. Denne planen skal skildre ei mogleg framtid for bygda, med von om at det kan verte ei god rettesnor for både kort-og langsiktig utvikling. Arbeidet skal vere breitt forankra, halde god fagleg kvalitet og vise korleis Øystese kan utviklast vidare som ein attraktiv tettstad. ØU ynskjer å teikne eit bilete av eit framtidig Øystese som kan verte ein av dei kjekkaste plassane i Noreg.

Det er positivt at private aktørar engasjerar seg i utviklinga av Øystese og får laga eit framtidsbilete av bygda. Kvam herad har for tida eit planprosjekt på områdepla for Øystese, der Øystese Utvikling AS mest sannsynleg vert ein av aktørarane som spelar inn til planen. Ein støtte til ein av partane kan likevel påverka stykeforholdet mellom dei ulike innspelsaktørane, og verta opplevd som partisk. Dette, i tillegg til at kommunen sjølv brukar ressursar på områdeplan for Øystese, fører til at rådmannen meiner det ikkje er rett å tildela midlar frå kraftfondet i ein slik prosess.